

Preses Olav Fykse Tveit

Preike i Veøy gamle kyrkje, samling for kandidatar til vigslig

20. juni 2023

Tekst: Lukas 1,5-17 (Jonsok)

«Difor du skapte meg, at eg din tenar skal vera» (NOS2013, 665,1)

Jonsok, eller St Hans, er ein kristen fest som er vorte knytta til ein gamal, før-kristen tradisjon med fest for livskreftene, for fruktbarhet i heile naturen, også for mennesket. Det er ein kveld og ei natt til å brenne bål, for å halde vonde krefter unna, og det er vel bålet dei fleste av oss forbind St Hans eller jonsok med.

I år gjør klimaendringane at det er for tørt og for farleg å brenne bål i delar av landet vårt. Vi ligg nokre dagar før, men fann at dette var eit høve til å feire nettopp jonsok her i gamle Veøy kyrkje. Å feire Johannes døyparen sin dag, er å feire ein som var kalt til å rydde veg, opne opp i hjarte og sinn for Jesus Kristus, for frelsa og livet han kom med. Forteljinga om Johannes er ein av dei som kan gi oss inspirasjon – og mot og kraft – til å gå inn i rekkja av dei som gjer nettopp det.

---

Då ein fastla dagen for den heilage Johannes, var det ikkje som for helgenar flest dødsdagen som vart vald, men fødselsdagen. I følgje Lukas var Elisabeth i den sjette månaden med Johannes då Maria fekk bodskapen om at ho skulle føde Jesus. Dagen og festen for Jesu fødsel vart lagt til vintersolkverv, då mørket vert til ljós i den nordlege hemisfære. Då vart det eit anna solkverv som vart Johannes sin dag, midtsomarsdag – og ikkje minst midtsommarnatta - som er fylt av livets nyskapande krefter.

Johannes døyparen er ein annleis og særdeles fascinerande figur i bibelfortlejingane. Han er knytt til store teologiske linjer og spørsmål. Det er ei historie om ein predikant (kanskje ein nybakt teolog?) som ville dele denne fascinasjonen over Johannes i ei preike ein gong, og drøfta lenge og grundig, fram og tilbake, om Johannes høyrt til den gamle pakt eller den nye pakt i Guds frelseshistorie. Dette heldt han på med så lenge at ein tilhøyrar fekk nok, reiste seg og ropte ut: «No kan du i alle fall plassere han her, på min stol, for no går eg!»

Eg kan faktisk ikkje hugse at eg har feira gudsteneste på jonsok eller ein dag i nærleiken med akkurat desse bibeltekstane for jonsok før. Kvifor ikkje gjøre noko nytt, her på Veøya, på den eldgamle kyrkjesteden, den heilage øya – som namnet tyder? Det gjev mykje meinings, i ei tid der det trengst at kyrkja er åndsylt og formidlar livets ord. Og det er særleg meiningsfylt å gjøre det saman med dykk som skal gå vidare med heile evangeliet og gje det plass og meinings i kyrkjelydane, i samfunnet, i fellesskap i bygd og by – og ikkje minst i hjarto til nye menneske og komande generasjonar i dette landet.

Det er djupe røter og ein høg himmel over vår samling her i dag.

Evangeliet er ei kraft til frelse. Difor er evangeliet ei kraft som skaper liv. Slik var det for dei som var her før oss. Slik er det også for oss.

Evangeliet er livsens ord i dødens verd. I ei verd som kvar dag fortel oss om død, grusom, unaturleg død for menneske som lever i krig i Ukraina, eller på livsfarleg flukt i kyniske hender på synkande båtar i Middelhavet. Vi møter død i natur som vert utarma av naturødelegging og klimaendringar. 25. juni minnest vi at det er eitt år sidan Noreg igjen var ramma av terror, og at den var retta spesielt mot menneske med LHBTQ+-identitet.

I naturen er det mange teikn på død som ikkje skulle vere der. På vegene hit såg eg korleis åkrane på Austlandet er turre, dei som skulle gje korn vi skulle ete og fôr til dyr som kan gi oss melk og kjøt, gulnar før stråa har vakse opp.

Kontrasten er stor til desse vakre, nesten intime bibelforteljingane om unnfangelser og nytt liv, desse «bebudelsane» om at nytt liv skal bli til på forunderleg, underfullt vis. Dei knyter evangeliet om Guds frelse til skapinga på ein spesiell måte.

Den skriftlærde jøden Paulus viser at evangeliet er ei kraft til frelse, for alle som trur, det vil seie for alle slags folk og for alle folk. Det gjer han – for eksempel i Romarberevet – når han reflekterer over Kristushendinga i lys av ulike forteljingar om Adams fall, om Abrahams tru, om Moselova og rettferda, om tempelkulten og ofringane, om livsvisdom og livets paradoks, om samanhengen med tradisjonane – og ikkje minst også spenning og brot med det mange hadde forventa.

Evangelisten Lukas er også lækjaren Lukas som vil skrive ned for Teofilos, som kanskje var ein romersk embetsmann og velgjear som interesserte seg for kristendommen. Han vil skrive «i samanheng», som Lukas seier, «for at du kan sjå at det er påliteleg, det du er opplært i» (1,4).

I kva slags samanheng er det han så startar? I livets start for alle menneske, i unnfangelsen. Han framstiller evangeliet som det gode budskap om at nytt liv skal bli til. Bebudelsen er sjølve prototypen på evangeliet: Det gode budskap er at Gud er på ferde og skaper nytt liv. I denne samanhengen i kvinner som får den gudgitte oppgåve å bere fram eit nytt liv.

Det er nokre samanhengar mellom tekstar i Bibelen som Lukas spelar på i si forteljing, og som er antyda i tekstane for denne dagen. Domaren Samson (jf. leseteksten for jonsok frå Domarane, kapittel 13) vart også til i det som vart kalla ei barnlaus kvinnes liv. Slik også med døyparen Johannes. Det var ei sorg, og ikkje minst ei skam, å vere ei barnlaus kvinne. Men bodskapen er at ingenting er umogeleg for Gud, for Guds Ande, for Guds livgjevande Ande. Det nye livet startar alltid i det små, i det skjulte, i kroppen som Gud har skapt, i det rom som høyrer familiens innerste til. Det er den samanhengen Lukas peikar på først.

Det er ikke dei maskuline attributtar, nesten villmanns-trekka, hos Johannes som kunne gi assosiasjonar til Samson, som er koplinga mellom dei i denne samanhengen. Koplinga er korleis livet startar. For oss som feirar jonsok, vert det også ei kopling til midtsommarnattas livskrefter og tankar og myter i jonsokfeiringa. Difor feirar vi fødselsdagen, ikke dødsdagen, til den heilage Johannes.

I den nikenske truedkjennings seier vi: «Vi trur på Den Heilage Ande, som er Herre, og som gjer levande.» Det er Anden som gjer at vi pustar og lever og er til. Det «åndelege» er først og fremst det som gir liv. Det er ikke noko esoterisk, noko som berre høyrer ei anna verd til, noko for dei spesielt åndelege.

Evangeliet er bodskapen som gir liv.

Difor er det også ein bodskap som gjer mottakarane til Guds medskaparar. Evangeliet kan gjere oss til etterfølgjarar av Johannes, han som opna vegar for Guds Ande, han som skulle få mange til å vende om til rettferda.

Kjære medvandrandarar, kjære medarbeidrarar, som er skapte i Guds bilete, og dertil døypte og har tatt i mot evangeliet. De førebur dykk til å gå inn i nye oppgåver som Guds medarbeidrarar, Guds medskaprarar, som kantorar, kateketar, diakonar eller prestar.

Gjennom song og musikk kan evangeliet gjere oss til menneske som tilber Gud, skaparen, frelsaren og livgjevaren saman, som kan skape ny glede og nytt fellesskap – igjen og igjen. Gjennom undervisning kan evangeliet gjere oss kjent med og glad i Jesus Kristus, og gjere oss til menneske som skape nye uttrykk for vår tru, håp og kjærleik som andre kan gjere til sitt. Gjennom dei tydelege, og likevel ikkje alltid synlege diakonale tenester kan livskrafta i evangeliet gje eit livgjevande nærvær for menneske i alle livssituasjonar, og gjere oss alle til menneske som gir kvarandre rettferd og fred. Gjennom å forkynne evangeliet klårt og reint, og forvalte sakramenta dåp og nattverd får vi del i denne trua på vår skapar, frelsar og livgjevar slik at vi lever – her og no og i Guds evige liv.

Ikkje berre Johannes, men også vi, er skapte – fødde - til å gjere Guds vilje. Det å vere skapt i Guds bilete er ikkje berre eit prinsipp om vårt og alles menneskeverd. Desse bileta av ein konge eller keisar vart i oldtida – som i dag - sett opp for å vise kvar riket er og kvar denne rår. Å bere Guds bilete er ei oppgåve, eit kall, om å vere teikn på Gudsrikets nærver i denne verda; riket med rett, og fred, og glede.

Å vere skapt i Guds bilete er ikkje noko som gjeld berre vår fødselsdag. Det er noko vi blir kvar dag. Som det heiter i Luthers velse katekisme, eit av dei viktige vedkjenningskriftene til Den norske kyrkja: «Eg trur at Gud har skapt meg og alle skapningar. Han har gitt meg lekam og sjel, forstand og alle sansar. Han heldt alt dette ved lag og gjer meg kvar dag det eg treng for å leve. Eg trur også at han vernar meg mot alle farer og vaktar meg mot alt vondt. Dette gjer han berre av nåde og faderleg godhug, utan at eg hadde fortent det. For alt dette skuldar eg å takke og love han, tene og lyde han.»

Vi er skapte og kalte til å tene og ære Gud, i alle dagar, i alle fasar av livet. Difor skal vi også sjå kvar dag – og ikkje minst ein jonsokdag og jonsoknatt – som ei påminning om at Gud har skapt oss til liv, og til å vere med å skape liv og forandring.

Vegen til vigslig er ein veg til ein merkedag då du blir særleg bedt for. Bøna den dagen er at Guds Ande skal utruste deg, og verke i deg og gjennom deg slik at evangeliet kan skape liv for andre.

Difor er det ei heilag stund på Veøy, «den heilage øya», når vi samlast for å bu oss til å følge Johannes sitt eksempel, kvar på vår måte og med våre ulike gåver og nådegåver. Vi er kalte til å rydde veg for Herren, for Gudsrikets nærvær i vår tid, til å formidle livsens ord i dødens verd.

Til ære for Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, vår Skapar, Frelsar og Livgjevar, som var, er og vere skal, éin sann Gud frå æve og til æve. Amen